



Flora Industri- og Næringsforening

Årsmøte i Flora Industri- og Næringsforening 25. april 2018
30 personar møtte.

PROTOKOLL

1. Opning ved leiar i FIN, Bjørn Hollevik.

Sakliste og innkalling vart godkjent.

2. Val av møteleiar

Bjørn Hollevik vart vald.

3. Val av sekretær

Anita Øygard vart vald.

4. Val av to representantar til å skrive under protokollen.

Ester Belsvik og Rune Ryland vart valde.

5. Årsmelding for 2017

Framlegg til årsmelding var utsendt og vart gjennomgått. Årsmøtet godkjende årsmeldinga.

6. Driftstilskot 2018

Framlegget om vidareføring av dagens driftstilskot vart godkjent.

7. Styrehonorar 2018

Framlegget om vidareføring av dagens satsar for honorar vart godkjent.

8. Rekneskap for 2017 og budsjett 2018

Før ein gjekk gjennom rekneskap og budsjett la leiaren fram forslag frå styret om å kutte ut revisor. Årsmøte sa seg einig dette – då ein brukar ekstern rekneskapsførar og kan spare utgifter til revisor, p.t. kr 15.000 / år.

Framlegg til rekneskap og budsjett var utsendt og vart gjennomgått. Årsmøtet godkjende rekneskapen og budsjettet.

9. Arbeidsprogram for 2018

Styret hadde i si innkalling oppfordra årsmøtet til å komme med innspel til arbeidsprogram. Det nye styret i FIN skal utforme det nye arbeidsprogrammet.

Årsmøtet hadde følgjande innspel til arbeidsprogram:

- Jacob Nødseth: Fellesnemnda for nye Kinn kommune er opptatt av innovasjon. Her må FIN tenke samarbeid.

- Jan Ove Helle: FIN må vere med og ta ansvar for næringsutvikling i nye Kinn kommune. Ein må sjå på mulighetene for kysten, og tenke langsiktig og involvere Bremanger i tillegg til Vågsøy.

- Bjørn Hollevik: Samarbeidet Førde – Florø er godt etablert, og ein må jobbe for at

FIN og næringslivet i Vågsøy får eit like godt samarbeid.

- Jo Dale Pedersen: Viktig at ein får samhandling med Måløy Vekst.

10. Val av styre og revisor

Val av revisor fall vekk, jamfør vedtak om å kutte dette. Innstillinga frå valkomitéen vart framlagt av Siv Merete Stadheim, og vedteken slik den låg føre.

Nytt styre FIN 2018:

Leiar	Gustav Johan Nydal (ny) vald for 2 år
Nestleiar	Tore Havn (ikkje på val)
Styremedlem	Thor Arne Ullaland (attval) vald for 2 år
Styremedlem	Marianne Ullaland Knapstad (ny) vald for 2 år
Styremedlem	Kristin Bergstøl Hansen (ikkje på val)
Varamedlem	Roald Førde (attval) vald for 1 år
Varamedlem	Janicke Svendal (ny) vald for 1 år

Bjørn Hollevik vart takka for god innsats – som leiar sidan 2006 – med blomster og gaveoverrekkinga av den påtroppande leiaren.

11. Val av valkomité

Etter innstilling frå styret vart Siv Merete Stadheim (attval), Kjetil Søvik (ny) og Bjørn Hollevik (ny) valde for 1 år. Valkomitéen konstituerer seg sjølv.

#

Temamøte:

Tor Øyvind Aa frå Brødrene Aa orienterte om verksemda – litt om historie og tilpassing til nye marknader og det grøne skiftet. Til slutt fortalte han om satsinga og planane for vidare satsing på Nesjane i Eikefjord.

Møtet vart avslutta med middag.

Anita Øygard

Ester Belsvik

Rune Ryland